



UKM 06/10

Forankring av det kyrkjelege ungdomsdemokratiet

Bakgrunn

UKM 2009 tek til orde for at ungdomsstrukturen i Den norske kyrkja vert formalisert gjennom lovfesting og forankring av det eksisterande strukturen med UKM, Utval for ungdomsspørsmål (Ufung), Ungdomsting og Ungdomsråd. Ei tydelegare formalisering føreset at den eksisterande strukturen sentralt og regionalt er godt forankra.

For å kunne svare på spørsmålet om forankring må ein kjenne dagens situasjon. Ufung har sidan UKM09 lagt opp til ei brei kartlegging for "å hente inn og belyse alle aspekt ved dagens ungdomsdemokrati".

Kartlegginga syner at ungdomsrådgjevar, Ungdomsråd og Ungdomsting er på plass i nær sagt alle bispedøma. Det er noko ulikt korleis dette er løyst formelt, organisatorisk og ressursmessig. Eit steg vidare i denne saka vil vere å forankre og standardisere ungdomsstrukturen sterkare i bispedøma.

Det går to linjer gjennom kyrkja sin ungdomsstruktur; langs den eine linja deltek unge i kyrkja sine formelle organ som sokneråd, fellesråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte. Her har unge medråderett og deltek i demokratiske prosessar. Unge er på denne måten representert, og dei kyrkjelege rådsorgan speglar kyrkja si medlemsmasse. I den andre linja deltek unge gjennom den etablerte ungdomsstrukturen i UKM, Ufung, Ungdomsting og Ungdomsråd. I denne strukturen er rammene noko friare, premissane er dei unges og for mange fungerer dette som ein "demokratiske" der ein får tillit og ansvar gjennom ein læringsprosess.

Begge desse linjene er naudsynnte. Dei både utfyller og føreset kvarandre.

Utfordringsspørsmål

Korleis bygge eit velfungerande ungdomsdemokrati regionalt?

Kva rolle skal den etablerte strukturen på bispedømenivå spele i høve kyrkjelydane og organisasjonane?

Vedlegg

- 1) Utdrag frå "Styrket demokrati i Den norske kirke" (Bakkevig II)
- 2) Protokoll frå UKM 2009, vedtak i sak 07/09
- 3) Kartleggingsspørsmål

Fakta

9 av 11 bispedøme har ungdomsrådgjevar

Alle 11 bispedøme har Ungdomsråd og gjennomfører årlige Ungdomsting

UKM vart arrangert første gong i 1993, årleg sidan 2004

Ufung er oppnemnt av UKM og arbeider mellom UKMmøta

4 representantar frå UKM deltek kvart år på Kyrkjemøtet med tale- og forslagsrett

Ordforklaringar

UR: ungdomsråd

UT: ungdomsting

UKM: ungdommens kyrkjemøte

Ufung: utval for ungdomsspørsmål

SR: sokneråd

BDR: bispedømeråd

KM: Kyrkjemøte

DNK: Den norske kyrkja

4) Samanfatning av svarmateriale

Saksframlegg

I sak UKM 07/09 er det om ungdomsstrukturen nytta omgrep slik som lovfesting og formalisering. Desse omgrepa treng litt nærare presisering. **Lovfeste** er å "fastsetje ved lov", noko som ligg til den "lovgjevande forsamling" å gjere, ev. i kyrkjelova. **Formalisering** tyder å skildre noko formelt, alternativt bringe i faste former. Her kan eit vedtak på Kyrkemøtet(KM) f.eks. vere ei formalisering.

Siktemålet med saka er altså å kome lenger i den uttrykte målsetjinga frå 2009 om å formalisere ungdomsdemokratiet. Før dette kan skje må ungdomsdemokratiet forankrast, ikkje berre i den sentrale og regionale delen av kyrkja, men og i dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane, og i kyrkjelydane.

Forankring i denne samanhengen handlar om å gå frå ein situasjon som tidvis vert opplevd som noko tilfeldig, til ein situasjon som fundamenterer og sikrar ungdomsdemokratiet sin plass i kyrkjestructuren. Forankring treng ikkje skje gjennom formelle vedtak, men ein kan og gjennom praksis forankre, eller knytte (f.eks.) UKM og ungdomsstrukturen tettare til Den norske kyrkje(DNK)/KM gjennom fråsegner, komitémerknader, løyvingar o.l.

Erfaringar med ungdomsdemokratiet dei seinare åra syner at det har skjedd ei særskild viktig satsing på det sentralkyrkjelege området. Både ungdomsrådgevarar i Kyrkerådet, dei årlege UKM-møta og arbeidet i Ufung har levert klare premisser inn mot saker på den kyrkjelege dagsorden generelt, men og med omsyn til saker for ungdom spesielt. Dette er utvilsamt styrkande for arbeid med ungdomsspørsmål i alle variantar. Men dette er ikkje nok, sentrale organ må og i ungdomsstrukturen, som i kyrkjestructuren elles, stå på regionale, og helst lokale føter. Kyrkja byggjast nedanfrå, ungdom lever lokalt, relasjonar mellom ungdom og kyrkja veks fram lokalt.

I første omgang må ei sak om ungdomsdemokrati handle om å styrke det regionale leddet. Ordninga med deltaking på Kyrkemøtet for representantar frå UKM føreset at bispedøma har ei fast ordning med UR og UT.

Tida mellom UKM09 og UKM10 er nytta til ein prosess der bispedøma vart bedne om å gje innspel. Desse innspela har gjeve svar på og oversikt over status for den etablerte strukturen med ungdomsråd og ungdomsting, og korleis dette fungerer i dei einskilde bispedøma.

Kartlegginga var todelt, den mest omfattande delen gjekk til bispedøma der ein på den eine sida bad om ei skildring av dagens situasjon i bispedømet med tanke på ungdomsstruktur, og på den andre sida la fram moment til ein fellessamtale mellom ungdomsråd og bispedømeråd om ungdomsdemokrati. Den andre delen av kartlegginga retta seg mot organisasjonane og deira rolle og deltaking i høve ungdomsstrukturen i Den norske kyrkja. Sjå vedlegg 4 for meir utfyllande svarmateriale.

Utfordringar til UKM

Frå kartlegginga kan ein særskilt merke seg punkt om hovudutfordringar for ungdomsdemokratiet (sp.mål 10) og vidareutvikling av ungdomsdemokratiet (sp.mål 12). Under hovudutfordringar vert ulik kultur nemnt; at ungdomsdemokratiet er bygd opp rundt "voksnes arbeidsmetoder" medan dette bør skje på ungdomens premiss. Fleire nemner at hovudutfordringa er at ungdomsdemokratiet ikkje er formalisert gjennom eigen forankring i kyrkjelov. Somme er redd for at ungdomsdemokratiet er eit "liksondemokrati" utan reell medverknad, og at dette drep engasjement og motivasjon for rekruttering og deltaking. I tillegg: mange unge manglar identitet til bispedømenivået, ein er anten engasjert lokalt eller sentralt.

På spørsmål 12 vert det i svara frå bispedøma nemnt mellom anna betre representasjon på UT, samt innhald, tidspunkt og form på UT. Vidare er det ønskjeleg å forbetre kommunikasjon mellom BDR og UR, og å fokusere på val (kyrkjevalet). Nokre nemner etablering av UR på soknenivå eller helst prostnivå, og at sokneråda vel representantar til UT.

Kartlegginga syner at det og er variasjonar bispedøma imellom i høve ungdomsstrukturen. Ungdomsrådsgjevarar er på plass i 9 av 11 bispedøme, i varierende storleik. Korleis sikre at dette arbeidsfeltet vert prioritert tilstrekkeleg i alle bispedøme? Frå kartlegginga kjem det og fram at det kunne vore meir kontakt mellom UR og BDR, korleis sikre at dette vert gode og nyttige møtepunkt for begge partar? I tillegg; kartlegginga syner at mandat for UR og UT varierer. Eit spørsmål er om ei sterkare standardisering av mandat vil styrke funksjonen til UR og UT? Mandat til UR og UT bør vere likelydande i høve det formelle, men kan elles tilpassast slik det er naturleg eller ønskjeleg i kvart bispedøme. Det formelle knytt til mandat kan omhandle røysterett, funksjonstid, valordningar etc.

UKM kan med denne saka vende seg til bispedømeråda, med oppmoding om at dei fattar formelle vedtak der både mandat til UR og UT samt personell- og økonomiressursar til UR-stilling, skal vere med å sikre at ungdomsdemokratiet har gode vilkår regionalt og lokalt.

FAKTA

Kyrkjevalet 2009 og 2011

Demokratireforma gjennomfører forsøk med røysterett for tre nye årskull i alle sokn i landet. Valoppslutnaden i denne gruppa var på ca 2,5% ved kyrkjevalet i 2009

Av 146 421 medlemmer i alderen 15-17 år var det 3 764 som røysta. Dette utgjer ca 0,9% av det totale røystetalet.

I 2005 var røysterett for 15-17 åringar ei valfri prøveordning som vart nytta i 220 sokn, då kom ca 0,3% av dei totale røystene i dei aktuelle sokna frå denne gruppa

Ved kyrkjevalet i 2011 vert og 15-17 åringar invitert til å delta.

Kyrkjemøtet har fastsett konkrete mål for ungdomsrepresentasjon i dei kyrkjelege rådsorgan, til soknerådsvalet er ordlyden: "...bør ha minst 20% representasjon av ungdom under 30 år" medan det til bispedømerådsvalet står: "Nominasjonskomiteen skal dessutan syte for at lista inneheld ein del kandidatar som er under 30 år på minst 20%"

Resultatet etter kyrkjevalet i 2009 syner at det er ca 6% unge i landets sokneråd, medan det er 20% unge i landets bispedømeråd (Kyrkjemøte)

VEDLEGG 1 - 4

1) Utdrag frå "Styrket demokrati i den norske kirke"

Kapittel 6 Ytterligere forslag til tiltak for å styrke oppslutningen ved de kirkelige valgene

Underkapittel 6.8 Tiltak for å stimulere ungdom til deltakelse i det kirkelige demokratiet

Arbeidsgruppen foreslår at ordningen med at fire representanter valgt fra Ungdommens Kirkemøte har tale- og forslagsrett på Kirkemøtet videreføres.

Forutsetningen for at dette kan fortsette er at alle bispedømmer har en fast ordning med ungdomsutvalg og ungdomsting med regelfestet representasjon for menighetene. På nasjonalt plan må det finnes et Utvalg for ungdomsspørsmål og et årlig Ungdommens kirkemøte. Dette fastsettes i regelverk gitt av Kirkemøtet.

Formalisering av en egen ungdomsstruktur i kirken skal ikke erstatte representasjon av ungdom i kirkens valgte organer, men fungere rekrutterende, som opplæring i demokrati og som viktige høringsinstanser som skal sikre at ungdommens stemme blir hørt i kirken. Arbeidsgruppen påpeker at § 2-3 i *Regler for valg av bispedømmeråd* sier at nominasjonskomiteen skal "sørge for at listen inneholder kandidater som er under 30 år". Denne regelen bør forsterkes ved at det tallfestes at en viss prosentandel av listen skal bestå av kandidater under 30 år, for eksempel 20 % - slik det er vanlig i de økumeniske organisasjoner Den norske kirke er medlem av.

Formalisering av ungdomsstrukturen vil medføre at det må innarbeides faste budsjettposter og stillingsressurser slik at strukturen kan fungere.

2) UKM 2009 – vedtak i sak 07/09

UKM 07/09 Veien videre for det kirkelige ungdomsdemokratiet

Adressat: Utvalg for ungdomsspørsmål (Ufung)

Ungdomsdemokratiet i Den norske kirke

Den norske kirke har siden 1993 etablert en egen ungdomsstruktur. Alle landets bispedømmer har nå ungdomsråd og arrangerer ungdomsting. Ungdommens kirkemøte (UKM) forutsetter gjennom sine statutter at disse organene er på plass.

"Hvert bispedømme sender 2 utsendinger til ungdommens kirkemøte. Utsendingen velges av og blant bispedømmets ungdomsråd, som igjen må være valgt på bispedømmets ungdomsting."

Ungdomsrådene har ulike mandater, arbeidsområder og økonomiske rammer. Bispedømmerådene har forskjellig dekning av stillingsressurser på ungdomsspørsmål og ulikt fokus på ungdomsdemokrati. Noen ungdomsråd disponerer egne avsatte midler, mens andre har midler via bispedømmets budsjetter. Ungdomstingene har ulikt innhold og tidspunkt og utfordringer i forbindelse med gjennomføring og deltakelse.

Selv om det i dag finnes mange ordninger for ungdomsdemokratiet, omfattes ikke ungdomsstrukturen av kirkeloven.

UKM ser at det er store forskjeller i bispedømmenes arbeid med ungdomsdemokratiet og ønsker gjennom en høring å få belyst både likheter, ulikheter og mulighetene i det videre arbeidet med ungdomsdemokrati. UKM ser at det er viktig å beholde et lokaltilpasset arbeid med ungdomsting og ungdomsråd, men ønsker at høringen ser på mulighetene for en enhetlig ramme for innhold og organisering. Dette kan gjøres gjennom hørings svar på hva ungdomstinget og ungdomsdemokratiet er.

Hva er hensikten med ungdomsdemokrati?

Ungdom skal ha en tydelig stemme og innflytelse i kirken fordi de er en del av den. Gjennom medbestemmelse og deltakelse høster unge erfaringer med kirkens demokrati.

De siste årene har UKM behandlet og vært med å sette saker på agendaen. Med deltakelse på Kirkemøtet har UKM tilført viktige synspunkt og innspill fra unge i kirken. UKM og UKMs delegater på Kirkemøtet får ofte positive tilbakemeldinger på sine bidrag og sin frimodighet. UKM fungerer også inspirerende og rekrutterende til andre råd og utvalg i Den norske kirke.

I 2008 inngikk et samlet Storting en bred avtale om forholdet mellom kirke og stat. Forliket innebærer en satsning på å styrke demokratiet, basert på innstillingen fra Bakkevig II-utvalget.

I denne innstillingen heter det blant annet:

”6.8 Tiltak for å stimulere ungdom til deltakelse i det kirkelige demokratiet

Arbeidsgruppen foreslår at ordningen med at fire representanter valgt fra Ungdommens Kirkemøte har tale- og forslagsrett på Kirkemøtet videreføres. Forutsetningen for at dette kan fortsette er at alle bispedømmer har en fast ordning med ungdomsutvalg og ungdomsting med regelfestet representasjon for menighetene. På nasjonalt plan må det finnes et Utvalg for ungdomsspørsmål og et årlig Ungdommens kirkemøte. Dette fastsettes i regelverk gitt av Kirkemøtet. Formalisering av en egen ungdomsstruktur i kirken skal ikke erstatte representasjon av ungdom i kirkens valgte organer, men fungere rekrutterende, som opplæring i demokrati og som viktige høringsinstanser som skal sikre at ungdommens stemme blir hørt i kirken. (...) Formalisering av ungdomsstrukturen vil medføre at det må innarbeides faste budsjettposter og stillingsressurser slik at strukturen kan fungere.”

Bakkevig II-utvalget påpeker også at ” når kirkelige organer tilføres økt beslutningsmyndighet, innebærer dette i seg selv en styrking av det kirkelige demokrati.”

Lovfesting av ungdomsdemokratiet

UKM forstår formalisering av ungdomsstrukturen først og fremst som en lovfesting og forankring av den eksisterende strukturen med UKM, Ufung, Ungdomsting og ungdomsråd. Lovfestingen og forankringen har som ønsket mål å vitalisere og inspirere unge til medbestemmelse og deltakelse. På sikt kan beslutningsmyndighet økes og demokratiet styrkes. Med en lovfesting er det viktig å innarbeide faste budsjettposter og stillingsressurser slik at strukturen kan fungere. Lovfestingen av en egen ungdomsstruktur i kirken skal ikke erstatte representasjon av unge i kirkens valgte organer.

Høring

I det videre arbeidet med denne saken ønsker UKM å hente inn og belyse alle aspekter

ved dagens ungdomsdemokrati. Slik kan man få et godt grunnlag for en framtidig lovfesting og den videre behandlingen på neste års UKM. Derfor ber UKM Kirkerådet ved Ufung å utforme en høring i tråd med forslagene i saken og mener det vil være en god arbeidsform.

UKM ber om at høringen behandles i et fellesmøte mellom bispedømmeråd og ungdomsråd for å sikre bevisstgjøring og eierskap i det videre arbeidet i begge organer. Det vil være tjenlig at høringen kommer etter tiltredelsen av nytt bispedømmeråd; på den måten kan man også legge grunnlaget for et godt samarbeid mellom bispedømme- og ungdomsrådene.

Det er viktig å involvere barne- og ungdomsorganisasjonene i denne høringen, og UKM ber Ufung finne den mest tjenlige måten å organisere dette på.

Innholdet i høringen

Høringen bør inneholde en kort beskrivelse av dagens situasjon i bispedømmene når det gjelder ungdomsråd, ungdomsting, ungdomsrådgiver og demokrati.

UKM ser for seg at denne delen av høringen kan inneholde disse spørsmålene:

- Hvor mye midler brukes på ungdomsstrukturen i deres bispedømme? Herunder ungdomsting, ungdomsråd og andre relaterte aktiviteter.
- Har dere en ungdomsrådgiver? Hvilke arbeidsområder ligger til denne stillingen i dag?
- Hvordan brukes stillingen inn mot ungdomsdemokratiet/ kirkedemokrati?
- Hvilke arbeidsformer har ungdomsrådet og ungdomstinget og hvordan fungerer rekrutteringen til disse?
- Den andre delen av høringen bør inneholde momenter til en fellessamtale mellom bispedømmerådet og ungdomsrådet.

UKM foreslår følgende spørsmål til samtale:

- Hva er ungdomsdemokrati?
- Hvordan ser dere for dere den videre utviklingen av ungdomsdemokratiet i deres bispedømme?
- Hvilke hovedutfordringer møter ungdomsdemokratiet?
- Hvor demokratisk er bispedømmets ungdomsstruktur nå og hva kan eventuelt bedres?
- Hva kan gjøres for å øke deltakelse på ungdomsting? Herunder informasjon og PR.
- Hva bør ungdomstinget være?
- Hvilke samarbeidsformer kan bispedømmerådet og ungdomsrådet ha?
- Hvordan fungerer samarbeidet med de kristne ungdomsorganisasjonene?
- Hvilken rolle bør organisasjonene ha på UKM?

Høring til organisasjonene

UKM foreslår følgende spørsmål til organisasjonene:

- Hvilken rolle bør organisasjonene ha på UKM?
- Hvordan opplever dere samarbeidet med bispedømme/ungdomsstruktur i Den norske kirke?
- Hvordan ønsker deres organisasjon å delta?
- Er ungdomsstrukturen i Den norske kirke kjent i deres organisasjon?

Samling for alle ungdomsråd og organisasjoner

UKM ber Kirkerådet arrangere en helgesamling for alle landets ungdomsråd, døvekirken ungdomsråd LUD, de kristne ungdomsorganisasjonene og SUNG eller representanter fra samisk ungdomsarbeid. UKM mener at en slik samling vil bidra til inspirasjon, erfaringsdeling og gagne prosessen for denne saken. Det vil være viktig at både bispedømmeråd og Kirkerådet setter av penger til dette, slik at det kan gjennomføres før neste UKM. Forslaget om en slik samling har ofte vært ønsket og nevnt i forskjellige sammenhenger og UKM tenker at dette er et godt tidspunkt for å gjennomføre dette. Den viktigste grunnen til å ha en slik samling er at det kan skape en felles forståelse for arbeidet.

3) KARTLEGGINGSSPØRSMÅL

Ungdommens kirkemøte 2009 (UKM) arbeidet med saken "Veien videre for det kirkelige ungdomsdemokrati" (UKM 07/09). I vedtaket uttaler UKM at det er store forskjeller i bispedømmenes arbeid med ungdomsdemokrati og ønsker gjennom en kartlegging å få belyst både likheter, ulikheter og muligheter i det videre arbeidet med ungdomsdemokratiet i Dnk. UKM ser at det er viktig å beholde et lokaltilpasset arbeid med bispedømmenes ungdomsting og ungdomsråd, men ønsker at kartleggingen kan vise vei for en enhetlig ramme for organisering av ungdomsdemokratiet i Den norske kirke.

1. Hvilket bispedømmeråd svarer du for?
2. Hvor mye midler brukes på ungdomsstrukturen i deres bispedømme? Herunder ungdomsting, ungdomsråd, reise til UKM og andre relaterte aktiviteter. (Sum i kroner)
3. Har dere ungdomsrådgiver på bispedømmekontoret?
Hvis ja, hvordan er stillingen organisert?
4. Hvilke arbeidsområder ligger til denne stillingen i dag?
5. Hvordan brukes stillingen inn mot ungdomsdemokratiet/kirkedemokratiet?

Momenter til fellessamtale mellom bispedømmerådet og ungdomsrådet

UKM ber om at høringen behandles i et fellesmøte mellom bispedømmeråd og ungdomsråd, der det er mulig, for å sikre bevisstgjøring og eierskap i det videre arbeidet i begge organer. Det vil være tjenelig at kartleggingen kommer etter tiltredelsen av nytt bispedømmeråd, på den måten kan man også legge grunnlaget for et godt samarbeid mellom bispedømme- og ungdomsrådet.

6. Hva er ungdomsdemokrati i Den norske kirke?
7. Hvilke hovedutfordringer møter ungdomsdemokratiet i Den norske kirke?
8. På hvilken måte er bispedømmets ungdomsstruktur demokratisk forankret?
9. Hvordan ser dere for dere videreutviklingen av ungdomsdemokratiet i deres bispedømme?
10. Er det ønskelig med ungdomsråd på soknenivå?
11. Kommentar:
12. Er dere fornøyd med deltakelsen på bispedømmet ungdomsting?
13. Hvis dere ikke er fornøyd med deltakelsen på bispedømmets ungdomsting: Hva kan gjøres for å øke deltakelsen på ungdomstinget?

14. Hvordan jobber ungdomstinget i dag?
15. Hvordan kan ungdomstinget videreutvikles?
16. Hvilke samarbeidsformer har bispedømmerrådet og ungdomsrådet?
17. Hvordan kan dette samarbeidet videreutvikles?
18. Hvilken kontakt finnes mellom medlemmer av bispedømmerrådet under 30 år og ungdomsråd/-ting?
19. Hva er ungdomsrådets mandat?
20. Er ungdomsrådets mandat vedtatt i bispedømmerrådet?
21. Hvilke forventninger har bispedømmerrådet til ungdomsrådet?
22. Hvordan gjøres ungdomsrådets arbeid kjent i menighetene?
23. Hvordan kan dette utvikles?
24. Benytter ungdomsrådet muligheten til å delta på bispedømmerrådsmøtene?
25. Ville det vært tjenelig om ungdomsrådet hadde fast plass i Bispedømmerrådet
Hvis ja, hvilken rolle skal representanten inneha?

26. Leverer ungdomsrådet saker til bispedømmerrådet?
27. Kommentar:
28. Hvordan fungerer samarbeidet med de kristne ungdomsorganisasjonene?
29. Hvilken rolle bør organisasjonene ha på UKM?
30. Bør ungdomsdemokratiet i Den norske kirke forankres i kirkens lovverk?
31. Kommentar:

Spørsmål til organisasjonene:

- Hvilken organisasjon svarer du for?
- Svarer du for krets/region eller hovedkontor?
- Er ungdomsdemokratiet i Den norske kirke kjent i deres organisasjon?

For krets-/regionleddet:

- Er det tradisjon i deres organisasjon å delta på bispedømmets ungdomsting?
- Hvis nei, hvorfor ikke?
- Hvordan oppleves organisasjonenes rolle på bispedømmets ungdomsting?
- Hvilken rolle er det ønskelig at organisasjonene har på bispedømmets ungdomsting?
- Hvordan opplever dere samarbeidet med bispedømme?

For nasjonalleddet:

- Er det tradisjon i deres organisasjon å delta på Ungdommens kirkemøte?
- Hvis nei, hvorfor ikke?
- Hvordan oppleves organisasjonenes rolle på UKM?
- Hvilken rolle er det ønskelig at organisasjonene har på UKM?

4) SAMANFATNING AV SVARMATERIALE

Bestilling frå UKM 2009, sak 07/09: "I det vidare arbeidet med denne saken ønsker UKM å hente inn og belyse alle aspekter ved dagens ungdomsdemokrati".

Det er gjennomført 3 ulike kartleggingar i perioden november 2009 til mars 2010. Den eine gjekk til dei avtroppande bispedømmeråda og var avgrensa til 4 spørsmål. Desse spørsmåla tek opp møtepunkt/kontakt

mellom BDR og UR, kva dette samarbeidet konkret fører til og kva for tankar BDR har om ungdomsdemokratiet meir generelt. 7 av 11 BDR har respondert på denne kartlegginga.

Den andre kartlegginga gjekk til alle barne- og ungdomsorganisasjonar organisert i SBU (Samarbeidsorgan for barne- og ungdomsorganisasjoner). Berre 4 av i alt 16 organisasjonar har respondert på kartlegginga. Spørsmåla handlar om kjennskap til kyrkja sin ungdomsstruktur, deltaking og roller på UT og UKM, og samarbeid med BDR.

Den siste, og mest omfattande kartlegginga gjekk til dei nyvalde bispedømeråda. Her har alle respondert. Spørsmåla, 35 i talet, går på alt frå fleire sider ved ungdomsdemokratiet, økonomi, innhald, storleik og organisering av ungdomsrådsgjevarstillinga, om arbeidsform og mandat i UR, om arbeidsform, mandat og deltaking på UT, samarbeid mellom BDR og UR og samarbeid mellom BDR og organisasjonane.

KARTLEGGING 1 – UNGDOMSDEMOKRATI AVTROPANDE BDR (7 av 11)

- Møtepunkt mellom ungdomsråd og bispedømeråd: dei fleste gjennomfører årlege møtepunkt.
- Skjer møtet etter faste rutinar eller på initiativ frå ein av partane? Nokre har faste rutinar, andre seier møtet skjer på bakgrunn av initiativ frå ein av partane.
- Kva har samarbeidet ført til? Her er det i nokon grad konkrete saker som nemnast; konfirmantarbeid og leiartrening, gudstenesteliv og bispekandidatar. Meir generelt er det viktig at ungdom med dette kjenner seg sett og høyrte, og at BDR og UR på denne måten gjensidig informerer og oppdaterer kvarandre.
- Tankar om ungdomsstrukturen i DNK? Nokre tek til orde for ein formalisert ungdomsstruktur gjennom vedtak i KM. Formalisering av møtepunkt mellom BDR og UR vert og nemnt. Andre nemner UR og UT som viktige arenaer for utvikling av ungdomsdemokratiet.

KARTLEGGING 2 – UNGDOMSDEMOKRATI OG ORGANISASJONAR (4 av 16)

- Kjennskap til ungdomsdemokratiet i DNK: 3 av 4 organisasjonar svarer at dei kjenner til ungdomsdemokratiet i DNK
- Deltaking på UT: det er ikkje sterk tradisjon i kyrkjelydane for å delta på UT, grunnar til dette er fleire: ikkje invitert, ikkje kjennskap til, manglande informasjon.
- Roller på UT: organisasjonar kjenner seg litt på sida samanlikna med dei valde representantane frå prostia, andre melder om positive opplevingar. Framover må ein legge vekt på større inkludering av alle delegatar. Det vert og framheva at organisasjonane bør ha ei sentral rolle på UT. Dette er grunngeve med at dei ofte er sentrale delar av kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid.
- deltaking på UKM: halvparten av respondentane deltek på UKM, grunnen for ikkje å delta handlar om manglande invitasjon og behov for å prioritere
- Roller på UKM: mykje positivt i høve demokratiopplæring og mogleg påverknad. Organisasjonane bli få samanlikna med bispedøma, - det kan vere ei utfordring.
- samarbeid med BDR: samarbeidet kan verte betre

KARTLEGGING 3- UNGDOMSDEMOKRATI NYVALDE BDR (11 av 11)

Ungdomsdemokrati

- Kva er ungdomsdemokrati: at dei unge sine saker og meiningar vert sett, høyrte og fremja. At ungdom vert involvert i avgjerder i kyrkja, at unge kan ytre sine meiningar og at dei har medrådedett. At dette vert formalisert gjennom lovverk.
- Hovudutfordringar: ein del går på kultur; at ungdomsdemokratiet er bygd opp rundt "voksnes arbeidsmetoder", dette bør skje på ungdomens premiss, fleire nemner at hovudutfordringa er at ungdomsdemokratiet ikkje er formalisert gjennom eigen forankring i kyrkjelov, somme er redd for at ungdomsdemokratiet er eit "liksomdemokrati" utan reell medverknad, og at dette drep engasjement og motivasjon for rekruttering og deltaking. I tillegg: mange unge manglar identitet til bispedømenivået, ein er anten engasjert lokalt eller sentralt.
- Demokratisk forankring av bispedømetts ungdomsstruktur: dette er først og fremst forankra gjennom at organa UR og UT fins, at ungdomar vert invitert til å delta, og at det er demokratiske valprosessar knytt til val på både UR og UKM. Nokre stiller likevel spørsmål ved den demokratiske legitimiteten til UT når deltakinga er relativt låg.
- Vidareutvikling: betre representasjon på UT samt innhald, tidspunkt og form på UT, forbetre kommunikasjon mellom BDR og UR, fokusere på val (kyrkjevalet), UR på soknenivå eller helst prostnivå vert og nemnt og at SR vel representantar til UT
- Lovmessig forankring av ungdomsdemokratiet: svaret på dette spørsmålet er eintydig: nær sagt alle respondentar meiner at ungdomsdemokratiet bør forankrast i kyrkja sitt lovverk. Nokre grunngjev dette med sikring av økonomi, andre med at dette vil gje ungdom meir makt medan somme er usikre og bed om meir utgreiing
- Økonomi: midlar til å drifte UT og UR varierer mellom 30 000-85 000 pr BDR medan lønsgifter til ungdomsrådgjevar varierer alt etter stillingsstorleik
- Ungdomsrådgjevarstilling og ungdomsdemokrati: sterkt knytt til både UR og UT, mellom anna følgje opp vedtak i UR, bindeledd mellom UR og BDR samt rekruttering og oppfølging av unge i BDR

Ungdomsrådgjevar

- Stillingsstorleik: 9 av 11 BDR har ungdomsrådgjevar, dei fleste kombinerer dette med andre delstillingar og stillingsstorleiken er ca 20-30%, berre eit BDR har rådgjevar i 100% stilling
- Organisering: stillingane er i hovudsak faste stillingar integrert i trusopplæring- og undervisningsarbeidet, berre unntaksvis er dette prosjektorganisert
- Innhald: organisere arbeid for UR (sekretær- og sakshandsamarfunksjon), forberede og gjennomføre UT, fremje saker og kontakt mot BDR, samarbeid og dialog med kyrkjelydar og organisasjonar

Ungdomsråd

- Soknenivå: halvparten av respondentane seier ja til UR på soknenivå, mange tek og til orde for å organisere/utvikle dette på prostinivå. Ein ser og føre seg ungdomskontaktar og ungdomsutval meir enn organiserte UR på soknenivå.
- Samarbeid BDR-UR: sjå kartlegging nr 1. Konkret utfordring er å finne felles møtepunkt reint praktisk; UR er ungdom som går på skule/er studentar og som ofte legg møter til helgar og liknande. Elles ser ein på utveksling av referat og gjensidig informasjon og oppdatering som viktig. Det er ønskje om minst eit felles møte mellom BDR og UR pr år. Samarbeid om konkrete saker som rekrutteringsstrategi vert nemnt, det bør elles vere slik at alle saker som vedkjem unge sendast UR for uttale. Dei under 30 i BDR bør ha faste møtepunkt med UR. Nokre stadar er repr frå BDR fast med i UR, andre stadar vert dei invitert og deltek på UT. Utover dette er kontakten mellom dei under 30 i BDR og UR/UT sporadisk og ikkje veldig sterkt forankra. På spørsmål om UR nyttar høvet til å delta på BDR svarar 3 a 4 nei på dette, same gjeld spørsmålet om ein repr frå UR skal ha plass i BDR. Dei som svarar ja på dette er samstemte i at repr skal ha talerett, og ikkje berre vere observatør. På spørsmål om UR leverer saker til BDR svarar alle ja på dette.
- Mandat: varierer noko men fleire har nokså samanfallande mandat der rådgjeving til BDR og biskop samt planlegging, gjennomføring og oppfølging av vedtak frå UT står sentralt. 7 av 10 mandat er vedteke i BDR.
- Forventningar frå BDR: varierer frå at BDR ser UR som ein styrke i ungdomsspørsmål og er glad for å verte orientert om UR sitt arbeid og handlingsplan, til at BDR ikkje tek kontakt og ikkje tilsynelatande har forventningar utover at det vert arrangert UT
- Kyrkjelydane og UR: det vert sendt brev til kyrkjelydane for å orientere om arbeidet, elles gjennom informasjon på nettsider, på fagdagar og visitasar og gjennom arbeidet på UT. Denne kontakten kan utviklast ved at repr frå UR deltek på større kyrkjelege arrangement og fortel om arbeidet, ved at tilsette i større grad vert utfordra og meir bruk av nettsider, og spesielt sosiale medium. Delegatar frå UT må og nytte høvet til å informere etter UT.

Ungdomsting

- Deltaking: nær dei fleste seier seg ikkje nøgd med deltakinga på UT. For å auke deltakinga er informasjon eit sentralt element. Ein må og arbeide meir målretta inn mot sokneråda, nokre meiner sokneråda må påleggast å sende delegatar sidan berre ein relativt liten del av kyrkjelydane deltek. Det vert og nemnt å gå vekk frå denne representativitets–tenkinga og heller fokusere på å samle dei som faktisk er engasjert.
- Arbeidsform: liknar mykje på UKM med komitear og plenum. I tillegg vert seminar og fellesskapsbyggande aktivitetar vektlagt. Felles gudsteneste (ung messe) med lokal kyrkjelyd er også nemnt. Bjørgvin har eige mandat for UT med m.a. valprosedyrer for val på UR
- Vidareutvikle UT: vere i dynamisk utvikling – ikkje stivne, gode rammer og opplevingar, meir fagleg innhald (lær meir om bispedømet), rekruttere fleire delegatar, sterkare debattkultur under plenumssamlingar, jobbe med evaluering i etterkant for å bli betre, auka informasjonssatsing mot organisasjonar og kyrkjelydar, workshops på UT med eksempelvis leiartrening i fokus (kanskje dette kan gjere at ein får ”meir igjen” for å sende delegatar)

Samarbeid BDR og organisasjonane

Graden av samarbeid, og kva for organisasjonar ein samarbeider med, varierer. Mange unge er engasjert både i arbeidet til organisasjonane og i kyrkjelyden. Samarbeidet med KFUM/K står sterkt mange stadar. Noko samarbeid skjer gjennom trusopplæringsreforma. Andre stadar er einaste kontakten mot organisasjonane den som skjer via invitasjonen til UT. Deltaking på UT kunne vore sterkare, det er ei utfordring å få organisasjonane til å sjå verdien av å delta.

Organisasjonar og UKM

Det er delte meiningar om organisasjonane si rolle på UKM. Nokre meiner det må vere som i dag, nokon meiner den må styrkast, noko vil fjerne dette som særordning og nokon meiner organisasjonane må ha røysterett på UKM.